

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 24. mai 2011. (2)

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Olav Urbø, Jon Svartdal, Torstein Tveito, Arne Vinje, Sverre Sæther, Ketil Kiland, Therese Hauger, Per Dehli, Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes.
Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 31/2011 Referat frå rådsmøte 12. april 2011

Vedtak: Referat frå rådsmøte 12. april 2011 vart samrøystes godkjent.

Sak 32/2011 Orienteringssaker.

Fyresdal Ungdomsråd.

Tora Veum, Eirik Aas Levang og Hilde Martini Momrak var tilstades og orienterte nærare om arbeidet i Fyresdal Ungdomsråd.

Ungdomsrådet bygger på politisk interesse og medlemmene er engasjert i ei rekkje saker. Ein av sakene dei har engasjert seg i er politisaken. Rådet møter i kommunestyret og har også besøkt Stortinget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Vest-Telemark Museum – privatarkivordning for regionen.

Dag Rorgemoen og Benedicte Nes frå Vest-Telemark Museum orienterte nærare om mogleg privatarkivordning for regionen. Benedicte Nes definerte dette til arkiv skapt i privat sektor, til dømes bedriftsarkiv, organisasjonsarkiv, institusjonsarkiv osv. Regelverket tilseier at privatpersonar står heilt fritt i høve til kasting eller arkivering, og Telemark ligg på botn på landsbasis når det gjeld omfanget av privatarkiv.

Vest-Telemark Museum har nye lokale, ny infrastruktur og god kompetanse. Dei er for tida i dialog med Telemark fylkeskommune med tanke på eit 2-årig prosjekt. Det trengst imidlertid ei restfinansiering og kommunane vart på møtet invitert til å delta i ei slik finansiering.

(Totale kostnader kr. 700 000 over 2 år)

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Samhandlingsreformen.

Sissel Bitustøyl gav status for det pågåande arbeidet med samhandlingsreformen i Vest-Telemark. Innleiingsvis orienterte ho om bakgrunnen for reformen. Det ligg no føre forslag til nytt lovverk med målsetting om auka ansvar på kommunane. Ein vil styrke dei førebyggjande tenestene og meir av pasientforløpet vil foregå i kommunal regi. Det vil også bli sterkare fokus på fastlegars ansvar og det må gjevast døgntilbod til øyeblikkleg helse- og omsorgstenester.

Kommunane blir i den nye loven pålagt å ha oversikt over kva som påverkar god og dårleg helse i eigen kommune. Frå sentralt hald blir det sagt at reformen skal fullfinansierast, og det er lagt opp til eit omfattande gjennomføringsprosjekt fram til 2015.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Organisering av politiet.

Anne-Nora Oma Dahle orienterte om den siste utviklinga omkring organiseringa av politiet i regionen. Ho har hatt møte med kommunalministeren som stør regionens syn. Det skal vidare haldast møte med justisdepartementet i saken. Regionordføraren streka under at det er Storting og Regjering som til sist må avgjere lensmannsstrukturen i kommunane,.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Utviklingstrekk NAV.

Ketil Kiland orienterte om utviklinga innan NAV. Ingen store organisatoriske endringar, men truleg ynskje om større einingar. Utviklinga viser at antall personar i primærneringane går ned medan antalet i teneseteytande næringer aukar. Dette inneber ei forflytting av folk i retning sentrale strom. Ei tilleggsutfordring er at ei veksende gruppe menn med låg utdanning blir att på bygda.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Landskonferansen for regionråd.

Regionrådsleiar orienterte om årets landskonferanse som skal finne stad i Stjørdal 29. – 30. august. Programmet er førebels ikkje ferdig og rådsmedlemmene vil avvente dette før beslutning om deltaking.

LVK.

Regionordførar orienterte nærare om arbeidet for å fjerne maksimums- og minimumsverdiane på kraftverk, ei ordning som gjer at vertskommunane mister årlege inntekter av eigedomsskatten på til saman mange hundre millionar kroner.

Det har vore møte med politisk leiing og stortingsrepresentantar i regjeringspartia. ”Toget” går no og det må øvast stort politisk press for at saken skal få godt utfall. Saken er svært viktig for distrikta. Høyringsnotatet vart på rådsmøtet karakterisert som ”grovt uetterretteleg”. LVK har lagt fram eit konstruktivt forslag som ein vonar kan løyse saken. Det blir mobilisert til LVK-møte i Oslo 31. mai.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 33/2011 Strategisk Næringsplan, prosjektplaner – økonomisk omfang.

Haldor Kaasin var tilstades og orienterte nærare om saken.

Etter vedtak i rådsmøte 12.april 2011 har Vest-Telemarkrådet plassert ansvaret for dei ulike prosjekta i Strategisk Næringsplan 2011 – 2014.

Til rådsmøtet 24. mai låg det føre spesifiserte planer for dei ulike prosjekta samt forslag til økonomiske rammer og finansielle kjelder for desse. Forslaget inneber oppretting av partnerskap med Telemark fylkeskommune og rammefinansiering av prosjekta.

På møtet var også Asbjørn Storrusten tilstades og orienterte frå prosjektgruppa for SIVA Næringshage. Hjartdal kommune er innlemma i gruppa sidan sist. Det er meldt inn 5 interessert miljø: Seljord (Telebygget), Fyresdal (Næringshagen), Kviteseid (Findalen IKT), Hjartdal (Løvheim Næringshage) samt Vinje (Åmot Bilservice).

SIVA har endra kriterier undervegs, noko som har virka inn på gruppast arbeid.

Tilrådinga frå gruppa inneber etablering av 2 næringshager i regionen:

- Fyresdal Næringshage, temabasert næringshage innan miljø og natur
- Findalen Næringshage i Kviteseid, generell næringshage med for breid bedriftsutvikling og IKT spesielt.

I tillegg tilrår ein at det vert etablert inntil 3 noder: Seljord, Vinje og Hjartdal.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek framlegget til prosjektplanar med samla finansieringsplan av Strategisk Næringsplan 2011 – 2014. Den kommunale deltakinga skal vedtakast for kvart tiltak i den einskilte kommune”

Vest-Telemarkrådet sluttar seg vidare til det framlagte forslaget frå prosjektgruppa som inneber at det blir etablert 2 stk Siva næringshager i regionen og inntil 3 noder.

Samrøystes vedtak.

Sak 34/2011 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 21. juni 2011.

Det lag føre forslag til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner forslag til sakliste for Vest-Telemarktinget 21. juni 2011.

Sak 35/2011 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2010.

Det lag føre forslag til årsmelding, og årsrekneskap 2010 for Vest-Telemarkrådet med forslag om å overføre årets overskot kr. 3422,- til egenkapitalen i selskapet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding (med ei retting på side 3) og årsrekneskap 2010 for framlegging til endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget 21. juni 2011.

Sak 36/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet.

I rådsmøte 16. mars 2010 fekk rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2 – 3 ulike alternativ til vidare organisering av regionsamarbeidet. Rapport frå utvalet låg føre i rådsmøte 25. januar 2011 med 2 ulike tilrådingar. I møte 25. januar 2011 vedtok Vest-Telemarkrådet ekstern utgreiing av følgjene av dei to modellane. Telemark Kommunerevisjon fekk oppdraget og til rådsmøtet 24. mai låg det føre konsekvensutgreiing av dei 2 modellane.

Tilstades under handsaminga av saka var Kirsti Torbjørnson og Inger Lognvik frå Telemark Kommunerevisjon IKS.

Regionrådsleiaren orienterte om saka og understreka fylgjande:

- Begge modellane oppfyller krava i LOA
- Finansieringa av regionsamarbeidet er uavhengig av modell
- Organisering etter §27 er uavhengig av modell

I ordsiftet vart det lagt vekt på at beslutning i saken må bygge på felles oppfatning av realitetane rundt organiseringa og det er viktig å bygge opp ein organisasjonsstruktur som er varig. For å få endå betre grunnlag i høve til val av modell for etablering av Rådet som § 27 selskap vart det fremma eit utsettingsforslag. Ein ynskjer å få nærare belyst dei juridiske sidene samt habilitetskrava.

Vidare ynskjer Rådet betre oversikt over korleis andre regionråd er organisert, og kva tilhøve regionråda har til dei til regionale utviklingselskapa.

Det vart understreka at saka om vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark skal handsamast i kvart enkelt kommunestyre.

Vedtak: Saka vert utsett til neste rådsmøte. Samrøystes vedtak.

Sak 37/2011 Interkommunale samarbeidsordningar – orienteringar/drøftingar.

Av dei innleiande drøftingane kom det fram at det bør utarbeidast ei rutinehåndbok for dei ulike interkommunale samarbeida.

Vest-Telemark Brannvesen.

Dagleg leiar Tore Metveit og styreleiar Hans Kristian Lehmann var tilstades og orienterte nærare om utviklinga og økonomien i brannvernssamarbeidet.

Arbeid på gang i høve til å innlemme brannberedskapen i brannvernssamarbeidet. (I form av eit IKS). Det gjeng føre seg kursing av brannmannskap, og det er behov for ytterlegare kurs.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Vest-Telemark PPT.

Dagleg leiar Torunn Kittilsen var tilstades og orienterte om drifta og økonomien i selskapet. Fyrst litt grunnleggjande om kva PPT er. Oppgåvene er gitt i opplæringsloven og delt i systemretta arbeid og personretta arbeid. Antal tilmeldingar har auka frå 2004 og fram til i dag. Ventetid er no inntil 7 – 8 mnd. Staben blir redusert med 1 person frå 1. aug i år medan ein har behov for auka bemanning. Det er i dag 9 vekers behandlingstid, noko dagleg leiar meiner er optimalt.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark.

Leiar Gunn Annie Hellestad var tilstades i møtet og orienterte nærare frå aktiviteten i barnevernsamarbeidet. Barnevernet fekk 1 ny stilling sist haust, og personen det gjeld startar sitt arbeid neste veke. Året som har gått har vore krevande med svært mange saker. Budsjettet inneverande år vil kunne sprekke med fleire hundre tusen kroner.

Barnevernsamarbeidet frå minimalt med meldingar frå helsestasjonane og barnehagane, og dette bør vera tema i eit seinare rådsmøte. Likevel er det nytt at regionen har så mange grove saker (vold og seksuelle overgrep)

Det er vidare eit nært samarbeid med PPT. Bufetat blir oppfatta å vera sterkt hierarkisk og det er ynskjeleg at Vest-Telemarkrådet hjelper til med å ”banke på døra”. Leiar i barnevernsamarbeidet vart bede om å lage eit notat om dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 38/2011 Ymse.

Mogleg flytting av møtet i Vest-Telemarktinget frå desember til okt/nov ?

Vedtak: Møtet i Vest-Telemarktinget 13. desember 2011 vert fasthalde.

Sekretær: Kjell Gunnar Heggenes